


MUNKEN BISTRO AS  
Kaigaten 20  
5016 BERGEN

## Vedtak - Uteservering Munken Bistro - gnr. 166 bnr. 667 - Bergen kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad den 09.06.2020 om leige av offentleg areal til uteservering.  
Søknaden gjeld leige av fortausareal langs fv. 577 Kaigaten til uteservering for heile sesongen 2020.

Det er søkt om bruk av areal til uteservering som er 2,1 m frå fasaden og 9,5 m langs fasaden. Det søkte arealet har ei rektangulær form og eit areal på 19,95 m<sup>2</sup>.

I 2019 var det totale leigearalet 1 m frå fasaden og 7,5 m langs fasaden av Kaigaten 20 i ei rektangulær form. Dette gav eit totalt leigearal på 7,5 m<sup>2</sup>.



### Generelt

Søknader om leige av fortausareal langs fylkesveg har tidlegare blitt handsama av Statens vegvesen i samarbeid med Bergen kommune, Bymiljøetaten. Vi viser til brev frå Vestland fylkeskommune datert 18.03.2020 med informasjon om at fylkeskommunen overtar handsaming av søknadane.

Vegareal sin primære funksjon er trafikkføremål av motoriserte køyretøy og mjuke trafikantar. I den grad uteservering ikkje kjem i konflikt med hovudføremålet eller andre gjeldande regelverk ønskjer vi å legge tiltrette for uteservering. Vi vil vurdere om det er grunnlag for å gjere vedtak om løyve til uteservering.

Med mindre vegstyresmakta har fatta vedtak om løyve til bruk av offentleg vegareal er det forbode å nyte offentleg vegareal til anna enn trafikkføremål jf. veglova § 57, 2. ledd, 2. punkt. Fylkeskommunen må godkjenne bruk av areal til uteservering både som grunneigar og vegstyresmakt.


## Vurderinga av saka

I Kaigaten har Vestland fylkeskommune lagt til grunn at ferdsselssona på fortauet skal vere 4 m. Dette er grunngitt i at det resterande arealet skal samsvare med føresegn § 6.3 for kommunedelplan for sentrum som krev minimum 3 m fri fotgjengarbreidde. Det er naudsynt med 1 m meir enn dette langs fortauet i Kaigaten. Det er høg ferdsel langs fortauet, og forbod mot sykling i bybanetråséen som gjer at syklistar må bruke fortauet. Vidare skal det vere plass til dei med rullestol, rullator og barnevogn. Også blinde og svaksynte skal kunne ferdast utan problem i ferdsselssona. Vurderingane er gjort i samarbeid med plan- og bygningsetaten som har vurdert saka etter kommunedelplan sentrum, § 6.3.

Fylkeskommunen som vegmyndighet har ei plikt til å følgje dei retningslinjene som Bergen kommune som planmyndighet krev til ferdsselssona i byromma etter kommunedelplan sentrum § 6.3 i samband med uteservering.

I «Retningslinjer for uteservering på offentlig grunn i Bergen sentrum» av 17.03.2016 står det følgjande:


*«Serveringsareal på fortau skal ikke være bredere enn at det skal være minimum 3 meter fri og sammenhengende gangpassasje. På fortau med stor/overordnet ferdsel av fotgjengere og/eller syklistar, kan kravet til fri gangpassasje overgå 3 meter. Uttaleser fra vegmyndighetene vil bli tillagt stor vekt i den enkelte sak. Uteservering skal ikke vanskeliggjøre fremkommeligheten til syns- og bevegelseshemmede.»*



Oversiktskart over kvar ein finn det aktuelle arealet som er søkt om å bli leigd

## Vedtak

Vestland fylkeskommune samtykker for heile sesongen 2020 til utleie av fortausareal til uteservering langs fv. 577 Kaigaten i 7,5 meters lengde og 1 meter ut frå fasaden langs Kaigaten 20. Vidare samtykker Vestland fylkeskommune til eit transportareal utan møblering ved inngangen til Kaigaten 20 med 1 m frå fasaden og 2 m langs fasaden. Dette gir eit totalt areal på 9,5 m<sup>2</sup> der 7,5 m<sup>2</sup> er til uteservering og 2 m<sup>2</sup> er til transportareal. Samtykket for dette arealet er eit enkeltvedtak etter veglova §§ 9 og 57.



*Figuren viser ein illustrasjon av vedtatt leigeareal*

Det er forbode å nytte eit større areal til uteservering enn det vegstyremakta har fatta vedtak om jf. veglova § 57, 2. ledd, 2. punkt. Det betyr at det ikkje kan plasserast noko utanfor avgrensinga av leigearealet vedtaket gjeld.

Til informasjon vil Vestland fylkeskommune revurdere bruken av areal til uteservering før utleigesesongen 2021. De må derfor ta høgde for at det kan bli endringar i utleigeforholdet ved eit seinare tidspunkt.

#### Opplysning om klagerett

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter at dette brevet er mottatt jf. forvaltningslova §§ 28-36. Klage med grunngjiving skal sendast til Vestland fylkeskommune med følgjande e-postadresse: [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no). Hugs å merke med vårt saksnummer 2020/56871.

#### Saksgangen vidare

Tilbod om leigeavtale vil Vestland fylkeskommune sende dykk i eit eige brev. De kan ikkje starte uteservering på arealet som er vedteke før leigeavtalen er underskriven.

Dette brevet må ligge tilgjengeleg på serveringsstaden for eventuell kontroll.

Med helsing

Hege Løtveit  
leiar

Marita Onarheim Rong  
ingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskriven underskrift*

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE  
BYMILJØETATEN

Postboks 7700